

A1- Forvaltningsrett og praktisk sakshandsaming

Terje Øvrebø, Fylkesmannen i Vestland



Fylkesmannen i Vestland





Nokre forvaltningsrettslege emne:

Om kommunen si behandling av klage på eige vedtak

Om utforming av vedtakstekst

Om utøving av skjønn i tilskotsforvaltninga

Om bruk av «u. off.»



Kommunen si behandling av klage (på eige vedtak)

Oppskrift i forvaltningslova § 33 (saksforberedelsen i klagesak).

Om forberedelse m.m. av klagesaker gjelder kapittel IV og V tilsvarende, når ikke annet følger av reglene i denne paragraf.

Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.

Når noen reknes som motpart i saken skal underinstansen varsle vedkommende snarest mulig, jfr. likevel § 16 tredje ledd. Samtidig skal settes frist for å gi uttalelse. Varsles klagemotparten ved brev, skal kopi av klagen vedlegges med mindre parten etter § 19 kan nektes adgang til den.

Blir det ikke truffet avgjørelse som nevnt i annet ledd, skal sakens dokumenter sendes klageinstansen så snart saken er tilrettelagt. Dersom underinstansen gir til klageinstansen uttalelse som partene kan kreve å få se uten hinder av § 19, skal den sende kopi til partene med mindre Kongen er klageinstans.

Klageinstansen skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Den kan pålegge underinstansen å foreta nærmere undersøkelser m.m.



Kommunen si behandling av klage

Realitetsbeandling eller avvising:

- avvising – t.d. ved fristoveskriding, manglande klagerett
- avvising = enkeltvedtak = kan klagast på, jf. fvl. § 2 3. ledd

”Foreta de undersøkelser klagen gir grunn til”:

- alle klagegrunnane må vurderast

Endre vedtaket, heilt eller delvis:

- gjere nytt vedtak
- skal grunngjevast
- dette vedtaket kan det klagast på

Ikkje endring av vedtaket:

- sende til FM med kommunen sin uttale
- melding til klagar/partar (ikkje klagerett her)



Mal for vedtaksbrev og uttale til FM:

- identifisere saka/klaga, dokumentdato
- faktum, bakgrunn, det som har skjedd
- om relevant regelverk
- vurdering av faktum i lys av regelverket
- konklusjon
- Det nye vedtaket



Utforming av vedtakstekst

- enkeltvedtak skal ha rettsverknader
- eit slikt vedtak vil vere ei norm/ein handlingsregel for den eller dei det rettar seg mot
 -): det må vere så tydeleg og presist som råd er, det må rekke så langt det skal, men heller ikkje lenger
- ein vedtek vanlegvis ikkje ei grunngjeving, ein grunngjev eit vedtak
- ver varsam med standardtekst/standardvedtak
 - sjekk resultatet i forhold til temaet/oppgåva
- vise til heimel/kompetanse dersom dette ikkje er nemnt i drøftinga
- skilje mellom uttale/fråsegn og vedtak, t.d. ved disp. søknader



Utøving av skjønn i tilskotsaker (PT)

Kommunen sine tilskotsoppgåver er lovpålagde, av praktiske årsaker
): statleg instruksjonsmynde – føresegner, rundskriv annan kommunikasjon

Rettsbunde skjønn

t.d. «vanleg jordbruksproduksjon»

«inngrep som forringar kulturlandskapet»

- skal vere likt over heile landet
- svært uheldig med kommunale ulikheiter (t.d. avkorting!)

Forvaltningsskjønn

dvs. velgje mellom fleire lovlege resultat, «politikk», kommunalt sjølvstyre

- ikkje rom for slikt i pt-forvaltninga

Politisk behandling av PT-saker: Ok, men ikkje større spelerom enn ved administrativ behandling.



Unntak frå offentleg innsyn (u. off.)

Hovudregel i offentleglova § 3:

Alle offentlege dokument er opne for innsyn for alle dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift

Viktig å skilje mellom dokument og opplysningar, og mellom opplysningar som må unntakast og opplysningar som kan unntakast

Opplysningar undergitt teieplikt må unntakast, jf. offl. 13

Viktigaste teiepliktsføresegna: fvl. § 13 første ledd: «noens personlige forhold»

PT og ferie og fritid: Føretak som søker, men ENK må her reknast som «personlig»

- kontonummer er personleg,
- fødselsnummer: § 26; kan unntakast – skal i dei fleste tilfelle, kan lett misbrukast

«Rettleiar til offentleglova» (G0419 N)